



Årsmøteprotokoll for Bu-og Ringøy bygdekvinnelag mandag 25. november 2019 kl 1900 i Grannaheimen .

Årsmøtet vart halde i Grannaheimen på Ringøy mandag 25.11.19, 13 personar møtte. Tradisjon tru hadde me invitert damene i bygda på tapas og me starta kvelden med det hyggelge måltidet.

Årsmøtet vart formelt opna ved at leiar Gerd R. Bu las frå Lagsbladet: Fyrst historia "Handkleklubben" av Marta Tveisme og etterpå diktet Velkomen!

Årsmøtesaker er:

1. Val av 2 representantar til å skriva under møteboka

Linda og Linda

2. Godkjenning av innkalling

Godkjent

3. Godkjenning av Årsmelding og Rekneskap

Årsmelding godkjent med oppdateringar gjort i møtet. Rekneskap godkjent.

4. Val av styre til Bu- og Ringøy bygdekvinnelag

Gerd Rosten Bu	- leiar	Attvald leiar	Sit 2019/2020
Solfrid Seljestad	- nestleiar		Sit 2019/2020
Linda Ågotnes Kaland	- kasserar		Sit 2019/2020
Trude Lægreid Rinaldo	- skrivar		Attvald for 2020/2021
Kari Helland Bu	- medlem		Attvald for 2020/2021
Manuela Bjotveit	- 1. vara, møter på styremøte		Vald for 2020
Kjellrun Tveisme	- 2. vara		Attvald for 2020

5. Fastsetjing av årskontingent

Kontingenten er fastsett til kr 300

Sakliste:

● **Val av to representantar til Blome- og kakebasaren 2020:**

Nina Herland og Trude L. Rinaldo

● **Forslag til møteplan for 2020**

1. Januar/ Februar: Medlemsmøte - Tveisme/ Slettabakkjen ansvar
2. Mars/April: Medlemsmøte - Ringøy/Bjotveit ansvar
3. September : 90 års jubileumsfest - Programkomiteen ansvar
4. November: Årsmøte - styret ansvar

Ymse:

Eidfjord skal halda gudsteneste på Bu 10. mai 2020. Då spør dei bygdekvinnelaget om å vera i komite og stå for maten. Det har me sagt ja til. Manuela Bjotveit held oss oppdaterte

Regionkontoret for vår region i Hordaland har invitert til møte i Kinsarvik 27.11.19. Då ber årsmøtet å gje slik tilbakemelding til regionkontoret som kjem på besøk.

Laget meiner at kontingent er for dyr, det held medlemmer frå å melda seg inn. Laget er også bekymra for sentralisering. Det viktigaste fokuset må vera lagsarbeidet og møteplassane i bygdene.

Signatur årsmøteprotokollen :

Linda H. Kaland

Linda H. Kaland

Linda Å Kaland

Linda Å Kaland